



Nissedal sokneråd har ledig fast stilling i 50% som kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Nissedal sokneråd har ledig 50% fast stilling frå 1. august 2026 som kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar med oppmøtestad Nissedal kyrkje. Det er på sikt mogleg at stillingsstorleiken kan aukast.

Nissedal sokneråd har ansvar for kyrkjer og gravplassar i kommunen. Det er to soknekyrkjer og eitt kapell samt 3 kyrkjegardar. Kyrkjekontoret held til på kommunehuset i Treungen. Staben er på 4 fellestilstilsette i tillegg til soknepresten.

Arbeidsoppgåver, bl.a.:

Kyrkjegardsarbeidar – Stell av kyrkjegardane og uteareala

- Bidra til at gravplassane skal stå fram som ein verdig og god stad for ro og ettertanke.
- Syte for at uteareala er representative og godt vedlikehaldne
- Klypping av gras og stell av graver
- Snørydding og strøing etter behov.
- Praktisk tilrettelegging og oppfølging av gravferder og urnenedsetjingar.
- Delta ved graving av graver
- Vedlikehald av utstyrsparken

Kyrkjetenar – arbeid i kyrkja

- Tilsyn, reinhald og vedlikehald av kyrkjer og andre bygg knytt til kyrkjene.
- Utføre teneste ved gravferder i ordinær arbeidstid.
- Utføre teneste ved gudstenester, vigslar, konsertar og andre arrangement.
- Vere med på stabsmøte og delta i stabsarbeidet.

Kvalifikasjonar og personlege eigenskapar

- Allsidig og nevenyttig.
- Gjerne har eit fagbrev innan handverksfag.
- Gode språkkunnskapar, både skriftleg og munnleg.
- Førarkort kl. B og BE
- Sjølvstendig og strukturert.

- Fleksibel og imøtekommande.
- Gode samarbeidsevner.
- Ansvarsfull og opptatt av service og orden
- Løn og tilsetjingsvilkår er heimla i KA sin tariff.

Den som vert tilsett må vere medlem av Den norske kyrkja. Det vert lagd stor vekt på personlege eigenskapar. Pensjonsordning gjennom KLP. Aktuelle kandidatar vert kalla inn til intervju. Tilsetjing og arbeidsvilkår etter lover, reglement og tariffavtale. Søkjarlista er offentleg, og opplysningar kan gjerast offentlege, jf. offentleglova § 25

Spørsmål om stillinga kan rettast til kyrkjeverje Bente Rønningen Meyer; tlf: 99 54 45 43

Søknad med CV og referansar sendast til Nissedal kyrkjekontor, Treungvegen 398, 3855 Treungen eller på e-post kynis@nissedal.kommune.no

Søknadsfrist 10. april 2026.